

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Plan- og ressursutval	28.05.2013	033/13	KHAK
Heradsstyret	17.06.2013	051/13	KHAK

Endeleg vedtak i: Heradsstyret	Arkiv: N-654.2	J.post id.	Arkivsaknr
Saksansv .: Kent Geirmund Håkull	Objekt:	13/5201	10/200 - 7

UTBYGGING AV SMÅKRAFTVERK I ØVRE ALSÅKER UTTALE TIL SØKNAD OM KONSESJON

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.02.2010	Småkraft AS	Vedkommande utbygging av småkraft i Øvre Alsåker
3	I	17.10.2012	Norges vassdrags- og energidirektorat	Oppstart av handsaming av småkraftsøknader i Jondal, Kvinnherad og Ullensvang kommunar
2	I	17.10.2012	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Orientering om søknadsbehandling av 13 kraftverk i kommunene Kvinnherad, Jondal og Ullensvang
5	I	11.04.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat	Høyring - Fleire søkjarar - Søknad om å løyve til å byggja 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar
4	I	11.04.2013	Scanergy	Folkemøte for 13 prosjekt i Ullesvang, Jondal og Kvinnherad
6	I	30.04.2013	Statens Vegvesen Region Vest	Søknad om bygging av Øvre Alsåker kraftverk

Vedlegg:

Dokument nr. 5

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vassressurslova, jf. § 8
Energilova

Saksutgreiing:

Småkraft AS og 11 grunneigarar/fallrettseigarar knytt til Alsåkerelvi ønskjer å etablera eit nytt småkraftverk – Øvre Alsåker kraftverk. Det nye kraftverket vil vere plassert ovanfor eit eksisterande kraftverk i Alsåkerelvi. Kraftverket vil nytte eit fall i Alsåkerelvi på 356 m frå inntaket på kote 661 moh ned til kraftstasjonen på kote 305 moh. Tilløpsrøyret blir om lag 1700 m langt, og er planlagt nedgrave i grøft i kombinasjon med sjakt og tunnel på den øvre delen av inntaket. Det er planlagt 420 m ny veg fram til kraftstasjonen med bru for kryssing

av Alsåkerelvi. Det skal og byggast ein midlertidig anleggsveg langs røytraseen og fram til tunnelpåhogget. Middelsvassføringa er 1030 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2061 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,0 MW, med ein estimert produksjon på 19,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på 2900 m elvestrekning i Alsåkerelvi. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 119 l/s i sommarsesongen og 25 l/s resten av året. Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Konsesjonssøknaden skildrar tiltaket og inkluderer ein konsekvensutgreiing og avbøtande tiltak. Søknaden er utfyllande. NVE, som er sakshandsamar for denne saka, har sendt søknaden ut på offentlig høyring. Høyringsfristen er 15. juli 2013. Søknaden er tilgjengeleg på www.nve.no/konsesjonssaker

Det var arrangert folkemøte 14. mai 2013 på Olaløo i Sundal. (Sakshandsamar hadde ikkje høve til å stilla på dette møtet. Sakshandsamar har heller ikkje vore på synfaring i området.)

Vurdering:

Konsesjonssøknaden er grundig og utfyllande. Konsekvensutgreiinga gir eit høveleg grunnlag for å vurdere saka.

Plan- og bygningslova gjeld for vasskraftverk som krev konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Det er ikkje noko absolutt reguleringsplikt for slike anlegg. I konkrete saker bør kommunen og andre råka etatar både forholde seg til spørsmålet om ja eller nei, med eventuelt bruk av motsegn, og gi innspel til detaljutforming av anlegget. Dersom all vekt er lagt på å sei ja eller nei, kan høvet til å påverka viktige justeringar bli mindre. (Kjelde: Norges vassdrags- og energidirektorat; NVE)

Der det allereie føreligg arealdel til kommuneplan eller reguleringsplan som er til hinder for gjennomføring av tiltaket, kan kommunen velja å syta for naudsynt planendring, eller alternativt gje dispensasjon etter PBL § 19-2 tredje ledd. For å sikra at konsesjonspliktige tiltak for produksjon av elektrisk energi kan gjennomførast i tilfelle der kommunen ikkje legg til rette for tiltaket gjennom planendring eller dispensasjon, gir PBL § 6-4 tredje ledd Olje- og energidepartementet tilgang til å bestemma at endelig konsesjon får verknad som ein statleg arealplan.

Det er ikkje noko rettsleg hinder for at konsesjon vert gjeve før forholdet til kommunale planar er avklart, men det er ein fordel om dette skjer samstundes. Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjennomført planendring, gitt dispensasjon eller Olje- og energidepartementet har bestemt at konsesjon får verknad som statleg arealplan. Konsesjonsprosessen kan derfor starta opp uavhengig av spørsmålet om dispensasjon, og grunnlaget for å gi dispensasjon kan avklarast i løpet av denne prosessen. (Kjelde: Regjeringa; Olje- og energidepartementet)

Tilkomstvegar til kraftproduksjonsanlegget treng ikkje reguleringsplan, men kan regulerast om kommunen finn det hensiktsmessig. Dersom det ikkje føreligg reguleringsplan, er det krav om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel når tilkomstvegen er i strid med arealbruk eller føresegn. Vilkåra for å gi dispensasjon vil alltid vera til stades når det føreligg ein endeleg konsesjon. (Kjelde: NVE)

Tiltaket er ikkje omtala eller regulert i kommuneplanen. Heradet reviderte kommuneplan i 2011. Alle kjende konsesjonssøknadar var heilskapleg vurdert og inkludert på det tidspunktet, bortsett frå dette tiltaket. At Øvre Alsåker ikkje er inkludert skyldast manglande merksemd frå

lokale grunneigarar og administrasjonen i forkant av vedtak av kommuneplanen. Det er såleis naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen for å gjennomføra tiltaket.



Kjende kulturminne er vist i kartet ovanfor. Tiltaket kjem utanfor desse områda.

Det må søkast Statens vegvesen om utvida bruk av privat avkøyrsløp for å etablera Øvre Alsåker kraftverk, på grunn av manglande svingradius og sikt. Statens vegvesen har ikkje merknad til plassering av kraftstasjonen.

Søknaden inkluderer *Biologisk utredning* (Ecofact rapport: 10 – 2010; Revidert 1. februar 2013) for Øvre Alsåker småkraftverk. Rapporten gir eit tilfredsstillande grunnlag for offentleg sakshandsaming, i forhold til konsekvensar for biologisk mangfald av prosjektet, jamfør Naturmangfaldlova. Tiltaket vil føra til ein betydeleg reduksjon av vassføringa på det råka strekket i Alsåkerelvi. Ein minstevassføring vil truleg ikkje vera nok til å oppretthalda fossesprøytna rundt fossen øvst i Bergsgjelet, som er avgrensa som naturtype av lokal verdi etter DN-handbok 13. Berre vanlige eller trivielle artar er registrert i dette området.

To myrer vil også bli råka av tiltaket. Vassbalansen i myrene vil bli endra, men det er ikkje registrert sjeldne artar der heller. Flommarskogen i området må ikkje bli råka under anleggsperioden. Deponi-, rigg- og stasjonsområdet vil føre til direkte arealbeslag, men vil stort sett berre råka trivielle vegetasjonstypar. Den registrerte slåttenga og søterota vil ikkje bli råka av planane. Influensoområdet sin verdi som hekkeområde for fossefall kan bli redusert ved ei eventuell utbygging.

”Den totale konsekvens som utledes som følgje av verdier i influensområdet og tiltakets omfang vurderes til å være middels negativ” (Ecofact rapport: 10 – 2010, s. 21). Avbøtande tiltak er å bevare mest mogleg minstevassføring, ikkje setta igjen køyrespor i våtmark og i og langs elva, bevare kantvegetasjonen langs elva og ikkje så til med framande typar frø.

Andre negative konsekvensar av tiltaket, jamfør konsekvensanalyse s. 22 av *Generell miljørapport*, gjeld Landskap og Inngrepsfrie naturområde (INON). Deira verdi er sett til middels, med middels negativt omfang og middels negativ konsekvens. Tiltaket er dårlig tilpassa elveløpet som landskapselement. Særlig i fossefall og i Bergsgjelet er vil dette vera visuelt synlig. Sett vekk frå den låge vassføringa vert dimensjonane likevel vurdert til å stort sett stå i eit harmonisk forhold til omgjevnadane sin skala. Tiltaket vil, jamfør DN sitt kartgrunnlag, føra til tap av 240 daa av inngrepsfri sone 1 og tap av 3300 daa av inngrepsfri sone 2.

Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 119 l/s i sommarsesongen og 25 l/s resten av året. Det er vanskeleg å vurdere konsekvensen av dette, om det er tilstrekkeleg eller ikkje som avbøtande tiltak.

Det er ikkje vurdert alternative løysingar for tiltaket.

Samandrag

Hovudtrekka i søknaden om konsesjon til kraftproduksjon i Alsåkerelvi er positive. Dei har skildra korleis tiltaket kan utbyggast skånsamt. Rådmannen vil rå til at det vert gjeve konsesjon til tiltaket og sluttar seg til framlegget, men ynskjer ein del punkt skal knytast opp mot konsesjonsvilkåra.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ullensvang heradsstyre rår til at NVE gjev Øvre Alsåker kraftverk konsesjon i samsvar med søknad, men på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar må søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, jamfør PBL § 19-2 tredje ledd.
- Det må søkjast Statens vegvesen om utvida bruk av privat avkøyrsløp for å etablera Øvre Alsåker kraftverk.
- Dersom tiltaket lagar stengsler for ålmenta, må det gjerast tiltak for etablering av nye passeringspunkt.
- Det vert sett krav til opprydding langs røyrgatetrase og med inntaksdam slik at inngrepa vert minst mogleg synlege.
- Alternative løysingar for tiltaket bør vurderast, som bruk av profilboring og taubane.

28.05.2013 PLAN- OG RESSURSUTVAL

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

PRU-033/13 TILRÅDING:

Ullensvang heradsstyre rår til at NVE gjev Øvre Alsåker kraftverk konsesjon i samsvar med søknad, men på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar må søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, jamfør PBL § 19-2 tredje ledd.

- Det må søkjast Statens vegvesen om utvida bruk av privat avkøyrsløse for å etablere Øvre Alsåker kraftverk.
- Dersom tiltaket lagar stengsler for ålmenta, må det gjerast tiltak for etablering av nye passeringspunkt.
- Det vert sett krav til opprydding langs røyrгатetrase og med inntaksdam slik at inngrepa vert minst mogleg synlege.
- Alternative løysingar for tiltaket bør vurderast, som bruk av profilboring og taubane.

17.06.2013 HERADSSTYRET

Eli Hope stilte spørsmål om eigen gildskap, då broren er medeigar i Småkraft AS.

Ugildskapen vart ikkje røysta over.

Det var eit stillteiande samtykke frå HST om at ho ikkje var ugild.

Røysting:

Plan- og ressursutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

HST-051/13 VEDTAK:

Ullensvang heradsstyre rår til at NVE gjev Øvre Alsåker kraftverk konsesjon i samsvar med søknad, men på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar må søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, jamfør PBL § 19-2 tredje ledd.
- Det må søkjast Statens vegvesen om utvida bruk av privat avkøyrsløse for å etablere Øvre Alsåker kraftverk.
- Dersom tiltaket lagar stengsler for ålmenta, må det gjerast tiltak for etablering av nye passeringspunkt.
- Det vert sett krav til opprydding langs røyrгатetrase og med inntaksdam slik at inngrepa vert minst mogleg synlege.
- Alternative løysingar for tiltaket bør vurderast, som bruk av profilboring og taubane.